



## Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2017

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen  
 Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
 Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)  
 – ref. 2014/1230"

Stad og dato:.....Bergen/1. november 2017.....

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar	Set kryss
1. Fotgjengar	X
2. Sykkel	X
3. Fart og rus	X
4. Barnehage	
5. Barneskule og ungdomsskule	
5. Vidaregåande skule	
6. Vaksne	X
7. Eldre	X

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017	Set kryss
Trafikksikringsarbeid i kommunane	X
Møteulukker utanfor tettbygde strok	X
Mjuke trafikantar i byområde	X

Namn på tiltaket	
Namn på søkjar Ettertankens Dag Hordaland	Organisasjonsnummer: 996632873
Adresse Agnes Mowinckels Gate 5, 5008 Bergen	Postnummer og poststad Postboks 7900, 5020 Bergen
Kontaktperson Knut Olav Røssland Nestås	Kontonummer 3745.30.39871
E-post <a href="mailto:nestas@tryggtrafikk.no">nestas@tryggtrafikk.no</a>	Telefon 41206132
<b>Totalkostnad</b>  Kr. 270 000,-	<b>Søknadssum</b> Kr. 90 000,-

Kr. 180 000,- baserer seg på eigeninnsats frå ein rekke aktørar i arbeidet og Kr. 90 000,- er estimerte kostnader jf. budsjett

Skildring av prosjektet:

Arrangementet er eit offentleg arrangement ope for alle, men med særskilt invitasjon av pårørande og etterlatte etter omkomne i trafikken i Hordaland det siste året. På denne måten gjev me rom for ettertanke og jobbar samtidig proaktivt ved å skape merksemd ikring trafikantretta arbeid og risikofaktorar ved ferdsle i trafikken. Det gjer me òg gjennom å arrangere eige fakkeltog og å sikre medieomtale. I januar 2017 hadde BA og BT fyldig omtale av arrangementet, og fortalte historiene til nokre av dei pårørande.

Program for arrangementet: kl.17:00 – 18:00 Samling i gamle brannstasjonen  
Me ønskjer velkomen til minnemarkering. Her pleier det vere opning ved styrleiar for stiftinga, folkevalt frå politisk leiing i fylkeskommune eller Bergen kommune, samt representasjon frå vegmynde, det er også musikalske innslag og enkel servering.  
kl.18:15 – 19:00 Fakkeltog frå gamle brannstasjonen til Korskirken med politikortesje (motersykel) kl.19:00 – 20:00: Minnemarkering i Korskirken. Her vil det vere kormusikk, talar og lystenning for dei omkomne. Først ved naudetatane og så blir det opna for at alle som vil kan tenne lys. Pårørande får også høve til å snakke nærare med fagpersonell.

Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?

Arrangementet har dei siste åra dreia frå å vere eit relativt lukka arrangement, til å bli eit arrangement som er ope for alle og der me er opptekne av å synleggjere konsekvensane av trafikkulykker for omverda. Slik sett ønskjer me å bevisstgjere om farene i samband med trafikal ferdsle. Arrangementet er slik sett eit ledd i arbeidet med nullvisjonen, og ei synleggjering av den viktige arbeidsdelinga mellom trafikantane og offentlege mynde.

Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?

Bergen brannvesen, Bergen kommune v/ bymiljøetaten, Bjørgvin Bispedømme, Førerkortsentralen, Gjensidige forsikring, Helse Bergen ved ambulansetenesta, Vest Politidistrikt, Hordaland fylkeskommune, Norge Lastebileier-Forbund (NLF), Norges Automobil-Forbund (NAF), Røde kors, Statens Vegvesen (SVEG), Trygg Trafikk (T.T)

I Arbeidsutvalet (AU) sit representantar frå Bergen brannvesen, Bergen kommune v/ bymiljøetaten, NAF, kyrkja og Trygg Trafikk. AU styrer prosjektet etter fullmakt frå samarbeidspartnarane.

Øvrige samarbeidspartnarar deltar i prosjektet og har diverse oppgåver relatert til sin funksjon under arrangementet og gjennom å mobilisere folk til å vere med på arrangementet.

Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare?  Ja  Nei

Planlagt start. Prosjektstart september 2017.  
Sjølve arrangementet finn stad 1. februar 2017.

Planlagt slutt. 1. februar 2017

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast. Bergen kommune.

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter		
Type midlar	Utgifter	Inntekter
Faklar	5000,-	
Blomar	10 000,-	
Musikk	15 000,-	
Annonsering	20 000,-	
Lyd	15 000,-	
Leige av lokale og servering	25 000,-	
Tilskot FTU		90 000,-
Løn/bidrag frå aktørar	180 000,-	180 000,-
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):		
<b>Søknadssum:</b>	90 000,-	
<b>Totalkostnad:</b>	270 000,-	

\*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 % av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

#### Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsrâme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

#### Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.